



Alver kommune
Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 84b503f0-2402-4091-bc4f-691d6336d115

Vår: 21/5361 - 21/50974

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

20.07.2021

Uttale - mellombels dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan Mjåtveitstø for bruksløyve for 16 bueiningar gbnr 322/13 Mjåtveit

Vegavdelinga har sett på søknaden om mellombels dispensasjon frå rekkefølgjekrav om ferdigstilling av vegar og gangvegar i reguleringsplan Mjåtveitstø gbnr 322/13.

Søkjargrunderer med at det er ein områdeplan under opprulling som fører til at det er uavklart kor trafikken vil bli lagt frå fylkesveg. Denne områdeplanen er det førebels berre varsla oppstart på og det kan ta fleire år før den vert utarbeida og ferdig vedteken.

Vegane det er stilt rekkefølgjekravtil går ut mot o_Veg 2 i bustadplan for Mjåtveitmarka og dette krysset er ikkje i nærleiken av fylkesvegen. O_SKV1 i Mjåtveitstøplanen fell saman med o_Veg 3 i Mjåtveitmarka og skal vere tilkomstveg for det nye feltet Mjåtveitstø. Når det gjeld Gs-veg nr. 2, knytter den desse 2 felt saman og den er vist i begge planane.

Vegavdelinga ser ikkje at den nye områdeplanen skal kunne ha innverknad på den planlagte løysinga for tilkomstveg i reguleringsplan for Mjåtveitstø mot Mjåtveitmarka.

Dei andre veagne i Mjåtveitstøplanen vil ikkje vere råka av ein evt. områdeplan og vegavdelinga finn ikkje grunnlag for at desse vegane ikkje kan opparbeidast og ferdigstillast slik dei er regulert.

Omsynet til trafiksikkerheita langs vegane skal prioriterast. I bustadområder er det ekstra viktig at trafikerte vegar med tilhøyrande gangvegar er ferdigstilt før folk flyttar inn og nyttar området.

Vegar som ikkje er ferdigstilt skapar og utfordringar i samband med drift og vedlikehald.

Vegavdelinga rådar til at det ikkje vert gitt dispensasjon frå rekkefølgjekravet om opparbeiding av veg og gangveg/fortau i reguleringsplan for Mjåtveitstø.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG